

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Meland kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2184 - 15/37302

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

11.12.2015

BLÅKLOKKA BARNEHAGE - TILSYNSRAPPORT OG NY GODKJENNING

Den 10.12.15 gjennomførte Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v." i Blåklokka barnehage. Internkontrollsystemet, inneareal og uteareal vart inspisert. Styrar Rigmor Sletten møtte for verksemda.

➤ **Tilsyn**

Det er for tida 115 barn i Blåklokka barnehage.

Barnegruppa har fylgjande alderssamansetning: 46 barn under 3 år og 69 barn over 3 år.

Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m² for barn over 3 år og 5,3 m² for barn under 3 år.

Med denne alderssamansetninga på barnegruppa, treng barnehagen eit leike- og opphaldsareal på 520 m².

Barnehagen vart i 2012 godkjent for eit netto leike- og opphaldsareal på 676 m², og 169 barn over 3 år.

Ved gjennomgang av barnehagen, vart det gjort merksam på at netto leike- og opphaldsareal er endra.

Tidlegare godkjente areal (til dømes fin-garderobe i nybygg), nyttas nå ikkje som leike- og opphaldsareal.

Matter frå Renholdssoner[®] er lagt i fin-garderobe, og desse areala blir dermed ikkje rekna med i leike- og opphaldsarealet.

Det eine vognskuret nyttas nå som leike- og opphaldsareal, og rommet er lagt til rette for dette.

Ei ny utrekning (ut frå teikningar og opplysningar) syner at barnehagen har eit netto leike- og opphaldsareal på 625 m² (ei reduksjon på 51 m²). Barnetalet som barnehagen er godkjent for vert derfor redusert.

Barnehagen kan ta i mot 156 barn over 3 år (ev. 118 barn under 3 år).

Tal barn i barnehagen må justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa og godkjent areal.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 57 70

Telefaks +47 56 37 50 01

§ 4; Ansvar. Internkontroll

- Denne er tilfredsstillande.

Det vart ikkje avdekt avvik i høve til miljøretta helsevern.

➤ **Merknad**

§ 9; Utforming og innreiing

Barnehagen har rutinar for å feste lause leidningar og snorer. Rutinane må skjerpast, då det på tilsynet var nokre julepynt (stjerner og lysslyngar) der leidningar ikkje var festa.

§ 11; Måltid

Verksemda har regelmessig kontroll av temperatur på kjøll knytt til kjøkken. Det var ikkje kontroll av andre kjøleskåp/frys i verksemda. Temperaturkontroll må utførast på alle kjøll (1 – 4 °C) og frys (-18 °C eller lågare) i verksemda.

Verksemda har godt eigna lokale og eit variert uteområde.

➤ **Vedtak**

Etter delegert mynde frå Meland kommune, vert Blåklokka barnehage AS godkjent etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.

Blåklokka barnehage har eit godkjent leike- og opphaldsareal på 625 m².
Dette gjev plass til 156 barn over 3 år.

Tal barn i barnehagen må justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa og godkjent areal.

Godkjenninga vert gjeve etter tilsyn den 10.12.2015.

Dersom barnehagen vert flytta eller endra utan at Meland kommune har godkjent forholdet, fell godkjenninga vekk.

Vedtaket er heimla i Lov om helsetenesta i kommunane § 4a-4 og i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular mv. § 6.

Med helsing

Tord Moltumyr
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Lenk til forskrift og rettleiing:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

Om klage over vedtak:

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Meland kommune, og må sendast via Miljøretta helsevern (Lindås kommune).

Kopi til:

Meland kommune

Mette M. Træland

KOPPI